

11 rådyr kan fellast i Uskedalen**23.06.2011****11 rådyr kan fellast i bygda**

**Det blir gjeve løyve til felling av 53 rådyr i kommunen
og 11 av dei kan fellast i Uskedalen, opplyser skogbruksjef
Terje Natland til uskedalen.no
Eitt dyr kan fellast i Ytre Feet/Eik, 2 på Ljosnes, 4 på Øvre Feet
og Døssland og 4 på Kjerland, Mykibust og Rød**

Forvaltningskomiteen skal i det siste møtet før ferien også handsama tildeling av fellingsløyver for hjort og rådmannen ved saksbehandlar Natland kjem med forslag om tildeling av 1.598, som er 85 fleire enn i fjor.

I tråd med målsetjinga er det sett opp ei tildeling av 1067 frie dyr til 27 planområder. 65 prosent av jaktarealet er no organisert gjennom eigne bestandsplanar, Likevel er det totalt 99 jaktvold i kommunen.

Det er fordelt 188 kalv, 170 eldre hanndyr og 173 eldre koller til 72 vald utan plan. For vald utan plan rås det til at auken i løyver vert tildelt som kalveløyve då dette er det einaste middel kommunen har for å sikra uttak av unge dyr i bestanden.

Redusert hjortestamme er viktig for å unngå sjukdommar og for å få ein sunnare stamme. Låge vekter og små dyr er eit teikn på at stamma er for stor stadvis i forhold til beitegrunnlaget. og hjorten gjer stor skade på innmark, for og skog, konkluderer Natland.

Av Ola Matti Mathisen